

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Høgtidsmat ved familjefestar Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31

Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ein gamall skikk som held seg, at slegt, vener og kjende går til kvarandre med barselmat - sengmat.
2. Vanleg er det å gå einsleg, men har kona som går med mat halvstore born, får dei vera med for å sjå den nye verdsborgaren, eller om at den som ligg er eit ungt menneskje, då går gjerne mor og ei vaksi dotter ilag.
3. Mor og dotter avtala nok om kva dei skulde ha med seg, Skipnad av større lag er ikkje brukt, ein prøver helst ^{at} det ikkje vert formykje synbert.
4. Det er å gå medan den som ligg er liggande, om so det er normalt ^{der} vert det å rekna dagane -.
5. Det er ikkje brukt at den same går meir enn ein gong.
6. Før var det vanleg med graut - senggraut. I seinare tid er det mykje avlagd med graut, meir brukt er det med sjokolade og gode smørbröd eller kaker til. Helst trur ein det er lite brukt å bringa mat no, og at ein meir har med ein liten ting i klede eller anna til den nyfödde.
7. Det er ikkje brukt at same ^{der} person går meir enn ein gong.
8. Det vanlege var steintyterrinn eller eit anna staseleg steintyfatt, og var det konene sjölv som gjekk med grauten.
9. Ein sa barselsgraut berre når det var graut, elles sa ein sengmat anten det var graut eller annan mat.
10. Det var alltid kona sjölv som gjekk.
11. Ein ser det usömeleg at mannen er med. Det er ikkje brukt at han er med.
12. Det er vanleg at dei som kjem med sengmat vert traktera med ein god kopp kaffi, og er no sendingga kaker, får ein seg ein smakebit med.

12.12. Nokon skilnad i, om det ~~var~~^{er} gut eller gjenta vert ikkje gjort. Rett nok er det visst dei som tykjer det er større stas med ein son eller om det var ei dotter -.

Dei som bring sengmaten syner i alle høve inga skilnad.

13. Nærmast vert det vel å kalla det sengmatkona.

14. Eit "konemåltid" etter barnseng vert det ikkje för at barnet skal til dåpen. Då vert det eit større lag av faddrar og andre innbedne gjester. Dette laget er det ein kalla barsel. Ordet barsöl er ikkje brukt her .

15. Åtferda gjer ein merksam, det er då truleg at det er berre til gifte kvinner ein går med sengmat ~~til~~. Ei ugift er halden meir i löynd i ei ferd som det.

16. Heilt slutt med senggraut er det truleg ikkje, men det er vel so omlag femti-seksti år sidan at ein tok til med og nytta andre ting som sjokolade og kaker t.d., elles trur ein det mest vanlege no er ei lita gåve til den nyfödde, noko i klede av eit eller anna slag.

17. Det er ikkje brukt å gje meir enn ein gong, minders at dei seinare vert bedne om å vera faddrar, for då vert det ei skuld ein må greida opp med.

18. Skikken med å gje faddersgåva er gamall og held seg ved lag.

19. Dåpskalas held ein, og omframt faddrane er og andre i nære slegt og vener med.

20. För var det brukt å segja barsel, no er det meir brukt å segja badnadåp eller barnadåp.

21. Det er vanleg at faddrane gjev ei gåve, men sjeldan at andre gjer det ved barnedåp. Som faddersgåva har vore og er mykje brukt å gje ein ting i sylv, t.d. ei sylvskei med inngravi fullt namn på barnet. Årstall er diverre som jamnast glöymt -.

Mat i faddersgåva er ikkje brukt.

22. Utan det er meint å vera so, kan det likevel slumpe til at faddrane gjev gåva av same slag. Eit barn kan soleis få fem seks sylvskeier i faddersgåva.

23. Det er truleg at gåvene er meir variabel no til dags.

24. Eit synleg omskifte er det vorte i so måte. För syn-te ein ikkje meir vyrdnad for årålsdagen enn vanleg dag i året. No högtidar ein dagen åt borna ved kvart årsmål fram til dei er vaksne.

25. Det er helst ved runde tall at vaksne högtidar födselsdagen, og sjeldan för dei er femti år.

26. Bedne vert næraste slegt, gode grannar og vener. Det er ikkje brukt å gå ubeden for å ynskja til lukka.

27. Det er brukt å gje gåver sjölv om ikkje dagen högtidast med innbedne gjester.

28. Serlaga rett brukt i eldre tider i dette höve har ein ikkje höyrd om. Som sagt var dagen lite påtenkt i eldre tid.

29. No skal det vera av det beste ein formår, sjokolade, kringla og blautkaker med det ein tåler å ta inn utan otte for ring helsa. Lys ser ein ikkje noko til nokon stadd er brukt.

30. Lag i höve konfirmasjon var det ikkje för, omframt dei som höyrde huset til. Ein ekstra spiss vart det no likevel sett opp i höve dagen. Det var som ein såg konfirmasjonen meir i ålvor för enn no, difor og ei högtid halden meir i roleg miljø med berre huslyden samla -.

31. No er det brukt å ha store lag som om det var brudlaup, og er det vel omlag förti femti år sidan at ein tok til med det.

32. Bedne vert næraste slegt og dei som var faddrar då konfirmanten var döypt. Elles bed ein og prest, lærar og vener.

33. Er ein beden i konfirmasjons lag, vert ein og skuldreg gåva til konfirmanten.

34. Det er vorten ein mote i å gje konfirmanten gåve, og er det nokon som gjev og ikkje höver til å vera med i laget konfirmasjonsdagen, vert då desse bedne i eit lag seinare.

35. Nokon serrett tilrådd av bakar eller andre har ein ikkje. Det er noko ein kvar rår over sjölv.

36. Trulovingsgjestebod meiner ein var brukt i noko mon för, ein höyrer ikkje likt til det no. Ei truloving var halden meir i duld för enn no, difor var det vel at partane arrangerte eit gjestebod for å få trulovinga kunnngjort. No derimot, nyttar ein pressa i å få det kunnngjort snarast mogeleg.

Det er mykje truleg at dei gamle kalla desse trulovingslaga - festaröl.

37. Sidan ei truloving vert meir framsynt no enn för, vert då partane bedne i lag ved högtider og større tilstellingar når det höver so.

38. Fyrste måltidet var middag når ein kom att etter brudvigsla i kyrkja, og dernæst var det kaffi og kaker.

Etter desse to måltidene vart det ikkje meir skikk på noko samla måltid, der det var oppvarta med sterke saker.

Etter kvart gjorde brennevin og anna sterkt slik inn -
verknad, at seinare måtte brud , brudgom eller oppvartarane
gå ikring og spyrja kvar einskild gjest om dei hadde fått
eller vilde ha mat.

I den eine stova var det vanleg å ha bord som stod
dekka til ei kvar tid, medan det i den andre var dans og
leik.

Kaffikjelane stod over elden og var kaffi å få for dei
som fann det ynskjeleg, til kvar tid som helst.

På denne måten heldt so oppvartinga fram heile fyrste
natta til middag andre dagen, då var det å samla seg ved
bordet att, men på langt nær ~~xxxx~~ vart alle gjestene med,
for mange var det då som låg i sin beste søvn etter ei
lysteleg og strid nott.

Til baa desse middagane var det kjøt og fiskemat.

Dessær - etter rett - var det nok sjeldan i gamle dag-
ar, men mykje kraftig og godt suppa fekk ein. Etter denne
bordsetning vart ^{det} då som fyrste dag til fram mot midnott
~~da~~ bruragrauten skulde serverast. Dette var siste mål -
tidet og ein tradisjonell måte til å slutta brudlaupet
av på. Brud og brudgom var no pynta att som til kyrkje-
ferd, og vart so dette på ein måte siste akt av framsyn-
ing og gilde brudlaupet hadde å by.

Gjestene kunne no laga seg til å gå heim kvar til seg,
bruragrauten som det ikkje var brukt å ha meir enn ein
gong hadde ein fått, og kva det hadde å segja kjende ein
kvar til.

39. Det mest vanlege för, var at ein gav reide pengar i
bruraskjenk. Når ein var ferdig og hadde ete grauten,
gjekk ein då fram til brudeparet og takka for seg oppi
handa. Mange - kanskje dei fleste var det då som nytta
höve når dei tok brura oppi handa å stikka til ho ei -
pengegåve med takk for seg. Næraste slekt brukte ikkje
å gjera det på den måten. Var ikkje bruraskjenken deira
gjeven för, kom den ved eit seinare höve. Nokon grensa
for kor stor eller lita ei gåva burde vera, var det ikkje,
det var opp til den einskilde sjölv å passa måten.

40. Terter-kaker- kan vera pynta med norsk flag på topp-
en. Nokon annan matpynt minnest ein ikkje etter.

41. Har ikkje høyrd at han som bad til brudlaup samla
inn kjøt. Forresten er det gamal skikk her at det er ber-
re kvinner som går ikring og bed inn til sovel brudlaup
som til gravferd. Slik har det vore og slik er det.

42. Dei nemnde orda til dette spørsmålet, kjenner ein ikkje, einast er kanskje bening - beina?

43. Ukjent her.

44. Det er truleg at om det er nokon av gjestene som kjem med brudegåva noko etter brudlaupet, dei då vert traktera, elles ikkje.

45. Det er brukt at når eit kjerald ~~væxx~~ som det har vore sendt gåver i, vert sendt attende til gjevaren, vert det ikkje sendt tomt men lagd noko i av godmaten etter eit brudlaup eller barnedåp.

46. Det var nok helst husmora som stod for heimåttsendinga, elles so er det brukt å kalla den som står for mat og oppvarting - matmor.

47. Det er slutt med å tura brudlaup i fleire dagar, og som ei omvending gått over i ei meir roleg og stutt åtferd.

48. Mest brukt er det no å leiga hotell eller annan oppvartingstad i byen. Brudeparet vert då vigsla av presten som høyrer sokna til, anten i bykyrkja eller kyrkja på Torvastad eller Skåre.

49. Det kan henda men ytterst sjeldan.

50. Næraste slegt og vener gir si gåva like godt, elles vil ikkje andre sjå seg skuldeg noko gåva,

51. Årsdagen for brudlaupet vert sjeldan høgtida med fest.

Det kan høve til ved tall som tjuefem og femti år at ein minnst dagen med ein fest. Og er dagen vorten kjent, er det likevel mykje brukt å senda telegrammar med gode ynskje i høve dagen, noko som for ikkje meir enn omlag femti år sidan sjeldan var brukt. Telegrafiske helsingar i nær sagt alle høve er mykje brukt no.

52. Før var no det vanlege først å be avdödes slegt og vener, dernest i alle hus på same gard som den avdöde. Tykte ein då dette vart lite, bad ein på gardane som grendsa til garden på alle sider. Det var og er på ein måte garden ein har å retta seg etter, når det er utanom slegta, ein kan ikkje godt be nokre og ikkje alle på ein og same gard.

No er det mykje brukt å be alle som bur på öya i gravferd, noko vel eit hundre husstandar med ikring firahundre personar som her er.

Mest alltid er det brukt, at ei yngre kvinna - helst ugift - går ikring frå hus til hus og bed med ei helsing

frå avdödes næraste om å vera gild og fylgja avdöde til grava kl. 13 dagen dernæst.

53. Ei gravferd gjer ein seg ferdig med på ein stutt ettermiddag - eller omlag tri fira timar. Før var det vanleg med mat både før og etter avdöde var gravlagd, og var det då brukt å ha oppvartinga i heimen.

No samlast ein i bedehuset etter at liket er gravlagd og får mat berre ein gong.

54. Det er longbord pynta med kvite dukar og vakre blommar, og dekkja med anten lekkre smörbröd eller og småbröd og blautkaker i fleire variasjonar. Når då alle har fått plass ved borda, vert det fyrst songe eit bordvers för oppvertarane kjem med gloheit sterk kaffi. No let ein det seg smaka av hjartans lysst, utan minste tanke på kva heilsa kan tåle av mächtige blautkaker og sterk kaffi.

Nytt er det, at ein no vert spurd om det er svart eller kvit kaffi ein ynskjer.

55. Om mat som ikkje burde nyttast i gravferd, har ein ikkje höyrd.

For omlag seksti år sidan veit ein det var brukt å ha kjötmiddag för at gravferdsseremonien tok til. Men det var i heimen til den avdöde.

56. Særskilde namn på måltida har ein ikkje höyrd om.

57. Før at det vart vanleg med å nytta bedehuset til oppvartingstad, måtte ein då i heimane ha borddekkning i fleire rom, t.d. på loftet for barn og ungdom .

58. Andre sendingar enn blommar - kransar - er det ikkje brukt å senda. Desse vert då sendt föreåt av den som kransane er tinga hjå.

59. Det er nok brukt at sume gjev ei kaka som bakaren vert beden syrgja for vert sendt. Elles er det ikkje brukt å gje matvarer.

60. Kalas för gravferdsdagen vert det ikkje halde, minders at avdöde er död heime bed ein næraste slegt og granne å vera med leggja liket i kista. Då har ein eit måltid med kaffi og brödmatt til.

61. Skilnad i maten ettersom den avdöde var gift eller ugift, har ein ikkje höyrd noko om, men ein minnest det eingong var sagt av ei eldre gift kvinna i ei gravferd, at dette var både brudlaup og gravferd. Den avdöde var ei ung seksten sytten år gamal gjenta.

62. Fleire dagars gravöl må ein utan atterhald kunne fastslå det ikkje har vore brukt her. Framgongsmåten er

visstnok den same no, som den alltid har vore.

Ein skikk som framleis er brukt, er at songarar vert bedne serskild. Dei går då framom fylgje fram til kyrkjegarden til liket er lagd i grava og fylgje löyser seg opp.

För at det var brukt utvalde prenta salmer, brukte desse songarane - under gong - å syngja eit salmevers for kvar bustad fylgjet gjekk framom. Men det er det no slutt på.

Nytt er det med kransepåleging. Visste ikkje om det for omlag förti förtifem år sidan.

63. Alkoholforbruk i gravferd, har me inga segner om.

64. Har inga folkeminne om det.

65. Stort sett er oppvartinga den same no som för. Nytt er det med den velde av megtige blautkaker -.

66. Alkohol er ikkje brukt.

67. Det höver ikkje å gjera seg nytta av itell her.

68. Det er ikkje brukt å be skriftleg, ein bed munnleg.

69. Tjuefem til tretti år sidan.

70. Segner om kva ein skal ha til mat 17.mai har me ikkje

Det har i seinare tider - når ein tek unda krigsåra vore årviss fest og högtid 17.mai fram til året 1956.

Dette året vart det inga högtid, og kan soleis gå inn i Utsiras historia som eit sermerkt år -. Nærmast kan ein kalla det ei tragedie, med det at ibuarane det året vart å stå mot kvarandre nasjonalt, og galdt det målföre i folkeskulen - norsk eller norskdansk.

71. Morsdagen er det ikkje mange som högtidar. Det kan vera om dagen fell på ein sundag, at ein då ofra dagen ein tanke. Det er brukt av dei som er burte frå heimen den dagen å senda mora eit telegram, eller ei lita gåva.

72. Farsdagen er lite truleg nokon hugsar på. Den er no so ganske ny endå.

73. Båe desse dagane er endå so nye, dei vert lite agta på.

74. Ein legg ikkje serleg stor vekt på desse to dagane.

75. Venteleg må det ha vore gjennom blad - pressa.